



ØRSTA KOMMUNE
politisk sekretariat

Plan og miljø avdelinga for vidare ekspedering

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2012/912	13192/2013	SELBERVIK	S11	06.12.2013

Melding om vedtak i formannskapet 3.12.2013, sak 125/13

**FRÅSEGN TIL REDUSERT ALTERNATIV FOR UTBYGGING AV INDRE TRANDAL
KRAFTVERK**

Saksprotokoll i Ørsta formannskap - 03.12.2013

VEDTAK:

Ørsta formannskap syner til endra søknad, og er positive til det nye og reduserte alternativet for ei utbygging av Indre Trandal kraftverk, der inntaket er trekt ned til kote 87 moh.

Formannskapet viser til at ein med dette alternativet vil kunne ivareta Indre Trandalselva sin viktige landskapsfunksjon og unngå inngrep i viktige urørte naturområde, samtidig som ein opnar for noko kraftproduksjon.

Handsaminga(7 r.f.)

Per Are Sørheim(H) ville ha sin habilitet vurdert, og gjekk frå (8 r.f.)
Formannskapet kjente han inhabil, etter fvl. §6, e (8 r.f.).

Petter Bjørdal(AP) ville ha sin habilitet vurdert og gjekk frå(7 r.f.)
Formannskapet kjente han inhabil, etter fvl. §6, e (7 r.f.)

Rådmannen si tilråding vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

Rett utskrift

Inger Johanne E. Løeng
Inger Johanne E. Løeng
Politisk sekretær



ØRSTA KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Magnar Selbervik

Arkivsak: 2012/912

Løpenr.: 12775/2013

Utvalsaksnr.

Utval

Møtedato

Ørsta formannskap

Saka gjeld: **FRÅSEGN TIL REDUSERT ALTERNATIV FOR UTBYGGING AV INDRE TRANDAL KRAFTVERK**

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Ørsta formannskap syner til endra søknad, og er positive til det nye og reduserte alternativet for ei utbygging av Indre Trandal kraftverk, der inntaket er trekt ned til kote 87 moh.

Formannskapet viser til at ein med dette alternativet vil kunne ivareta Indre Trandalselva sin viktige landskapsfunksjon og unngå inngrep i viktige urørte naturområde, samtidig som ein opnar for noko kraftproduksjon.

Saksvedlegg:

I	08.11.2013	08.11.2013	Avgrensa høyring av redusert alternativ for Indre Trandal kraftverk, Ørsta	Norges Vassdrags- og energidirektorat
I	25.11.2013	20.11.2013	Ørsta kommune. Avgrensa høyring av redusert alternativ for utbygging av Indre Trandal kraftverk. Fråsegn til konsensjonssøknad	Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Uprenta vedlegg:

U	07.06.2013	07.06.2013	Vedtak: Sju søknader om bygging av småkraftverk i Hjørundfjorden	Plan- og miljøavdeling for vidare ekspedering
---	------------	------------	--	---

Saksopplysningar:

NVE har oversendt tilleggssopplysningar frå søkjar på eit nytt alternativ med redusert utbygging av Indre Trandalselva i Ørsta kommune. Dette alternativet var også trekt fram av søkjar og synfart under sluttsynfaringa den 13. september 2013. Kommunen har fått frist til 9. desember 2013 med å kome med si fråsegn til det nye alternativet.

I det nye reduserte alternativet er planlagt inntak justert ned til kote 87, som ligg like ovanfor eit nedlagt vassinntak som vart *etablert i samband med planar om smoltproduksjon*. Etablering av ein ca 75 meter lang traktorveg frå det nedlagte vassinntaket opp til planlagt inntak er planlagt i traseen til røyrkata.

Røyrkata med ein diameter på 700 mm er planlagt nedgrave på heile strekninga i ei lengd på 272 meter langs sørsida av elva. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,9 MW og årleg middel produksjon er utrekna til 3 GWh. Utbyggingskostnaden til ca 5 kr/kWh.

Ørsta kommune rådde frå at det vart gjeve konsesjon til den opphavlege søknaden frå Indre Trandal kraftverk som omfatta ei langt større utbygging av vassdraget opp til kote 580 moh. Vedtaket i formannskapet si sak 64/13, den 04.06.13 der 7 søknader om nye småkraftverk langs Hjørundfjorden vart handsama, lydde:

"Ørsta kommune ser svært positivt på den auka verdiskapinga med inntil 59 Gwh årleg ny rein energi. Verdiskapinga vil gi grunnlag for næringsutvikling og busetnad, som utbygging av småkraftverk vil kunne gi i dei ulike bygdela i kommunen. Minstevassføring og tidvis overløp vil bidra til at dei gode landskapsopplevingane vil oppretthaldast.

Med grunnlag i søknadane og med tilhøyrande dokumentasjon har Ørsta kommune fylgjande tilråding for dei ulike søknadane.

... ..

*Indre Trandal kraftverk
Vert ikkje tilrådd konsesjon"*

Søkjar opprettheld hovudalternativet då det vil gje 6-7 gongar med energi, men søker no også på det nye reduserte alternativet om hovudsøknaden ikkje fører fram.

I kommuneplanen sin arealdel ligg Indre Trandal ligg i LNF sone B med følgjande føresegn:

"Innanfor desse områda kan det vurderast å gje løyve til spreidd busetnad. Oppføring av fritidshus kan tillatast, men berre på svært strenge vilkår og dersom sektormyndre ikkje har merknader."

Sjøelve arealet der kraftstasjonen er planlagt er avsett til setjefiskanlegg, og etablering vil såleis krevje dispensasjon frå arealbruksføremålet.

Det gjeld i tillegg følgjande for 100- meters belte langs sjø:

"Spreidd utbygging av bustad-, nærings-, og fritidshus vert ikkje tillate i 100 m belte langs sjø på grunn av omsynet til friluftsliv, fri ferdsel, landskap og naturverdiar. Unnatak frå dette er byggeområda og områda for havbruk som går fram av oversiktskartet. Der riksveg og fylkesveg kjem nærare sjøen enn 100 m, skal vegen vere grense for forbodet."

I framlegg til ny kommunedelplan for kystsona er område er området sør for elva ved Indre Trandal føreslått avsett til næring E5 med krav til reguleringsplan:

"Innanfor byggeområda E1- E9 kan det byggast frittståande og kjeda utleigehytter, bygningar for service, servering eller overnatting, camping og liknande som grunnlag for satsing på turisme som næringsveg." Denne planen prioriterer småskala reiseliv og turisme som framtidig satsingsområde og grunnlag for busetjing og næringsutvikling i og langs Hjørundfjorden.

Områda ved Trandal er vurdert som viktige leveområde for oter i eiga kartlegging. I den miljøfaglege rapporten til den opphavlege søknaden vert Indre Trandalselva vurdert som veleigna for fossefall med sine mange større og mindre fossar og stryk.

I den opphavlege søknaden låg også fjerning av eit eldre smoltanlegg og utgraving av eit areal til småbåthamn. Vi oppfattar den nye søknaden slik at dette no er teke ut.

Fylkesmannen som la ned motsegn mot til den opphavlege søknaden for Indre Trandal har ikkje innvendingar til bygging etter det reduserte alternativet og viser i si fråsegn til:

"Hjørundfjorden er slik vi ser det eit av våre nasjonale fjordlandskap. Vi har tidlegare peika på at det vil vere svært viktig å ha att så mange urørte vassdrag i dette området at ein ikkje svekker dei unike landskapsverdiane. Den alternative søknaden viser at inntaket vil bli nedanom dei eksponerte fossane. Fosselandskapet frå fjell til fjord er vesentleg for landskapsopplevinga i dette området. Landskapsmessig sett er det alternative prosjektet klart betre og vi vil derfor akseptere denne lokaliseringa. Endringa i INON blir også minimal."

Biologisk mangfald rapporten syner at konsekvensane på naturverdiane er minimale under føresetnad av ei minstevassføring lik ålmenn lågvassføring."

Vurdering og konklusjon:

Alminneleg lågvassføring er utrena til 20 l/s, noko som også tilsvarar den planlagde heilårs minstevassføringa. Dette samsvarar også med råda i rapporten til Bioreg AS som har kartlagt naturverdiane i vassdraget. Dette er vesentleg lågare enn det som låg i den opphavlege søknaden.

Det er ikkje registrert særleg verdfulle naturtypar i traseen for røyrkata eller den aktuelle elvestrekninga. I tillegg til eit råd om å sikre alminneleg lågvassføring vert det rådd til å etablere predatorsikre hekkekasser for fossefall på strekninga. Det vert vidare omtalt at ein bør ivareta kantvegetasjon langs elva og unngå å så til røyrtraseen med framandt plantemateriale.


I samlerapporten for landskapsverknad var ei utbygging av Indre Trandal og Helgaa vurdert å ha størst negativ konsekvens for fjordlandskapet langs Hjørundfjorden.

Med det nye alternativet vil ein klare å bevare Indre Trandalselva sin viktige landskapsmessige funksjon, samtidig som ein opnar for ei viss utbygging i nedre del. Elvestrekninga frå det justerte inntaket vil ligge nedanfor dei eksponerte fossane og bortføringa av vatn på denne elvestrekninga vil ikkje vere synleg frå sjøen eller andre sida av Hjørundfjorden. Ei slik avgrensa utbygging har difor langt mindre negativ konsekvens.

Kommunen har vedteke å satse på småskala turisme og reiseliv som grunnlag for framtidig busetjing og næringsutvikling i og langs Hjørundfjorden. Fjordlandskapet med vassdrag og fossar er eit viktig grunnlag for ei slik satsing og den viktigaste merkevara for fjordlandskapet.

Ved det justerte alternativet følgjer søkjar opp kommunen si fråsegn og unngår dei negative konfliktane i høve landskap og urørt natur som har vore grunnlaget for at kommunen har rådd i frå konsesjon til utbygging av Indre Trandalselva. Sjølv med ei vesentleg høgare utnytting av minstevassføringa på den no omsøkte neste del av elvestrekninga finn vi administrativt å rå til at det vert gjeve konsesjon til dette reduserte alternativet.


Wenche Solheim
Rådmann


Eldar Øye
Leiar plan- og utviklingsstaben